



AURLAND FJELLSTYRE



## RETNINGSLINER FOR SMÅVILTJAKTA I AURLAND STATSALLMENNING 2020

1. Startdato for jakt på rype og skogsfugl og hare er 25. september, sluttdato rypejakt er 23. desember. Hare kan i tillegg jaktast på i tida 1. januar – 28. (29.) februar.
2. Andre småviltartar som staten har fastsett jakttid for kan jaktast på i samsvar med den jakttida som er fastsett av staten, men dersom den jakta strekkjer seg utanfor jakttida som ovanfor er fastsett for rype, må fjellstyret kontaktast særskilt om dette. Fjellstyret tilbyr eit eige jaktkort for smårovvilt.
3. I Aurland statsallmenning er berre jakt utan hund tillate før 1. oktober. Frå og med 1. oktober vert det opna for jakt med hund.
4. Kvar jeger kan fella inntil 2 ryper kvar jaktdag. «Ubrukt» kvote kan ikkje overførast frå ein dag til neste, eller mellom jegerar.
5. Rapport over jaktutbyte (trykt på kortet) skal fyllast ut og sendast fjellstyret etter avslutta jakt, eller per e-post. Jaktrapportering gjennom inatur.no kan og nyttast.

*Aurland fjellstyre*

Det vert lagt ut eit avgrensa tal jaktkort på nettstaden inatur.no, der det vert opna for sal den 1. september. Det er fritt kortsal på fjellstyrekontoret til innanbygdsbuande jegerar.